

Beredskapsplan Covid-19 for Ålesund vgs – Gult nivå

Oppdatert 9. september 2020

A Føringar for beredskapsarbeidet

Beredskapsplanen bygger på oppdaterte nasjonale og fylkeskommunale føringar. I særleg grad gjeld «Covid-19-epdemien: Veileder i smittevern for ungdomskole og videregående skole»

<https://www.fhi.no/publ/2020/covid-19-veileder-ungomsskole-videregaende/>

B Måla for beredskapsplanen

1. Skolens overordna målsetjing, med forankring i opplæringslova, gjeld også for beredskapsplanen: Alle skal lære så mykje dei kan, og få hjelp til å meistre liva sine.
2. Redusere smittefare på skolen, og slik skape ein trygg skolekvardag for elevar og tilsette.
3. Sikre at skolen er i stand til raskt å trappe opp og ned på tiltak ut frå smittevernsituasjonen.

C Generelt om gult nivå

Ved gult nivå kan heile skoleklassar vere samla, og alle elevar skal få eit fulltidstilbod på skolen med ordinære skoledagar. Det er ikkje behov for å gjere avvik frå opplæringslova.

<https://www.udir.no/om-udir/nytt-til-start/nytt-til-skolestart-2020/>

D Område, tiltak og ansvar

Beredskapsplanen er delt inn etter desse tema:

1. Informasjon om Covid-19
2. Kontaktreduserande tiltak for elevar og tilsette
3. Transport og reiser
4. Besøk på skolen
5. Kven skal møte og ikkje møte på skolen
6. Når ein blir sjuk på skolen
7. Fråværsføring
8. Opplæring og digital beredskap

Nr	Område/Situasjon	Tiltak	Ansvar
1	Informasjon om Covid-19		
1a	Beredskapsplan	<ol style="list-style-type: none">1. Skolens har ein oppdatert lokal beredskapsplan for pandemien, minimum for gjeldande nivå.2. Skolen er klar til å oppdatere beredskapsplanen til raudt nivå på kort varsel.	Rektor Rektor
1b	Til personalet	<ol style="list-style-type: none">1. Intro for heile personalet 10.8.2. HMS-møte for heile personalet 13.8.3. Oppdatert beredskapsplan blir lansert 13.8.4. Det er oppretta Covid-19-kanal i Teams.	Rektor Rektor Rektor Rektor
1c	Til elevar	<ol style="list-style-type: none">1. Info på heimesida 14.8.2. Beredskapsinfo under første skoledag 17.8.3. Detaljar og avklaringar blir gitt langs med.4. Vi nyttar Udirs infoskriv på relevante språk.	Rektor Rektor K-lærer K-lærer
1d	Til føresette	<ol style="list-style-type: none">1. Info på heimesida 14.8.2. Beredskapsinfo saman med invitasjon til foreldremøta.3. Beredskapsinfo blir gitt under foreldremøta.4. Vi nyttar Udirs infoskriv på relevante språk.	Rektor Rektor Rektor Avd.leiar

2 Kontaktreduserande tiltak for elevar og tilsette			
2a	Generelt	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sprit til desinfeksjon er plassert etter nærmare vurderingar av behov, og blir etterfylt. 2. Sprit og/eller handvask før ein går inn. 3. Ikkje handhelsing og klemming. 4. Ein meters avstand, også på veg inn og ut. 5. Overflater og berøringspunkt blir vaska eller desinfisert to gongar dagleg. 6. Pultar blir reingjort ein gang om dagen. 7. Ved bytte av pult i løpet av ein dag, må eleven sjølv reingjere pulten før bruk. 8. Vikarar og tilsette som jobbar ved fleire skolar må få opplæring i skolens beredskapsplan. 	<p>BB</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>BB</p> <p>BB</p> <p>Eleven</p>
2b	Personalrom og kjøkken	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. Ein om gangen inn på kjøkken på LS. 3. Alle brukarar tar eit særleg ansvar for avstand, orden, reinhald og desinfisering. 4. Eingongshanskar er tilgjengeleg for dei som skal rydde. 	<p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Ass.rektor</p>
2c	Arbeidsrom	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. Andre bør ikkje bruke eller besøke rommet. 	<p>Alle</p> <p>Alle</p>
2d	Møterom (og møteverksemd)	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. Bruk Teams når det er mogleg og tenleg. 	<p>Alle</p> <p>Alle</p>
2e	Resepsjon	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. LS: Ein om gangen. Andre vente ute. Skilting. 3. (Glasskjerm blir vurdert) 	<p>Alle</p> <p>Stian</p> <p>Stian</p>
2f	Klasserom, auditorium, verkstader og pauseareal	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. Heile klassar og faste grupper kan vere saman. 3. Elevar bør ha faste plassar, partnarar, grupper, dersom mogleg. 4. Innanfor kohorten gjeld ikkje kravet om ein meters avstand. 5. Tilsette kan veksle mellom klassar, men halde avstand og vere ekstra nøye med handvask. 6. Ved blanda elevgrupper/kohortar, blir elevane grupperte etter kohort om mogleg (Aksept frå FHI for at kohortar på ST og IDR er vanskeleg) 7. Reduser deling av utstyr. Dersom nødvendig å dele, desinfiser mellom ulike brukarar. 8. På klasserom utan handvask vert det montert vegghengte haldarar for handsprit. 9. Ikkje dele mat og drikke. 	<p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Lærer</p> <p>Alle</p> <p>Drift</p>
2g	Bibliotek	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 2. Lærer som har undervisning skal vere med på bokutlevering, for å sikre kø og unngå trengsel 3. (Andre tiltak til vurdering) 	<p>Tore</p> <p>Lærer</p>
2h	Garderobar	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som klasserom. 2. (Ekstratiltak blir vurdert) 	<p>Lærer</p> <p>Eva K</p>
2i	Bokskap	<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevane kan oppbevare bøker i bokskap. 2. Fordeling av skap skjer etter kohortar. 	<p>Stian</p>
2j	Kantine	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt. 	<p>Alle</p>

		<ol style="list-style-type: none"> 2. Merking på golv for avstand ved kø (vurdering) 3. Ikkje bufeet, men porsjonsvis. 4. Ikkje dele mat og drikke. 5. Ingen sitjeplasser i kantina, verken for elevar eller tilsette. 6. (Glasskjerm blir vurdert LS) 	Drift Kantine Alle Stian Stian
2k	Praksisplassar	Framferd i tråd med bedrifta sine tiltak.	CB/SI
2l	Utlevering av PC	Skjer etter eigen plan	Stian
3	Transport og reiser		
3a	Informasjon til elevar	Gi råd og rettleiing til elevar om bruk av offentleg transport, i tråd med gjeldande råd.	K-lærar
3b	Skoleskyss	Elevar som er avhengige av skoleskyss må få den skoleskyssen dei treng for å kome seg til og frå skolen. Elevar som skal til og frå skolen skal prioriterast framfor andre reisande, og reisande blir oppmoda til å ta omsyn til dette.	
3c	Personalet til og frå jobb	Dei som er avhengig av kollektivtransport for å komme seg til og frå arbeidsplassen, kan diskutere med leiar om det er behov for anna tidspunkt for start på dagen for å unngå rushtid, eller heimekontor fullt eller delvis.	Avd.leiar
3d	Studieturar med elevar	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ingen utanlandsreiser skoleåret 2020-2021 2. Ingen reiser med elevar til Oslo eller andre større byar i Noreg skoleåret 2020-2021. 	Avd.leiar Avd.leiar
3e	Elevturar i nærområdet	For elevturar i skolens nærområde blir det lagt fram prosedyrar for transport, opplegg og overnatting, for godkjenning hos avdelingsleiar.	Lærar
3f	Tenestereiser	Tilsette drar ikkje på tenestereiser, med mindre dette er strengt nødvendig. Ei eventuell tenestereise skal vere avtalt med næraste leiar.	Avd.leiar
3g	Redusert kollektivtilbod	Dersom samferdsel reduserer kapasiteten vil skolen redusere elevkapasiteten tilsvarande, og ha ein plan for dette.	Rektor
4	Besøk på skolen		
4a	Foreldre	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som generelt ved oppmøte. 2. Foreldremøta blir, når mogleg, gjennomført på Teams, via elevens konto. 3. Ved oppmøte, bruk sjekklister for symptom. 	Avd.leiar Rektor Møteansv
4b	Andre eksterne	<ol style="list-style-type: none"> 1. Som for foreldre. 2. Redusere besøk ytterlegare. 3. Ved oppmøte, bruk sjekklister for symptom. 	Alle Alle Alle
5	Kven skal møte og ikkje møte på skolen		
5a	Friske personar	Alle som er friske (ikkje har symptom på sjukdom/ikkje sjukemelde eller leverer eigenmelding) skal vere til stades på skolen.	Alle
5b	Tilsette med symptom	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsette med influensa, forkjøling, feber eller symptom på luftvegsinfeksjon, skal bli heime til dei er symptomfrie. 2. Dersom ein får symptom skal ein teste seg straks. Undervisningspersonell blir prioritert. 	Tilsett Tilsett Tilsett

		<ol style="list-style-type: none"> 3. Ved negativ test kan den tilsette gå tilbake til arbeidsplassen når den tilsette er i god allmenntilstand (føler seg frisk og er feberfri) sjølv om den tilsette framleis har nokre symptom på luftvegsinfeksjon. 4. Dersom den tilsette er frisk nok til det, kan ho/han ha heimekontor, etter avtale med leiar. Lærar vil då kunne drive digital undervisning. 5. Fråvær frå arbeid må ein som vanleg dokumentere med eigenmelding eller sjukemelding. 	<p>Leiar</p> <p>Tilsett</p>
5c	Elevar med symptom	<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevar med influensa, forkjøling, feber eller symptom på luftvegsinfeksjon, skal bli heime til dei er symptomfrie. 2. Dersom ein får symptom, bør ein teste seg straks. 3. Ved negativ test kan eleven gå tilbake til skulen når eleven er i god allmenntilstand (føler seg frisk og er feberfri) sjølv om eleven framleis har nokre symptom på luftvegsinfeksjon. 4. Dersom eleven er frisk nok til det, kan ho/han jobbe med skolearbeid heimanfrå, etter avtale med kontaktlærar, og opplegg frå faglærar. 5. (Ang. fråvær, sjå kap. 7) 	Elev
5d	Tilsette i risikogrupper	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsette som er i risikogruppe eller bor saman med personar i risikogruppe skal møte på arbeidsplassen. 2. Ein kan eventuelt få tilrettelegging av arbeidsdagen etter godkjenning frå næraste leiar. Behovet for ei slik tilrettelegging, må du underbygge med legeerklæring. 	<p>Alle</p> <p>Avd.leiar</p> <p>Tilsett</p>
5e	Elevar i risikogrupper	<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevar som er i risikogrupper, eller som har nær familie i risikogrupper, skal få tilbod om opplæring heime. 2. Elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning eller særskilt språkopplæring, skal få det tilbodet som følgjer av vedtaket. Dette gjelder også elevar som gjer skolearbeidet sitt heime fordi eleven er i risikogruppa. 	<p>Lærar</p> <p>Lærar</p>
5f	Tilsette i karantene	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ingen som er i karantene kan møte på skolen. 2. Den tilsette må dokumentere karantenen. 3. I dialog med leiar blir det vurdert om den tilsette kan ha heimekontor. 4. Om du blir pålagt karantene som følge av smitte/mistanke om smitte vil du motta løn som vanlig. 5. Må du i karantene av andre årsaker, må du dokumentere/dekke opp fråværet med ferie, avspasering, permisjon utan lønn eller sjukemelding. Fråvær utan dokumentasjon blir rekna som ulegitimert/ulovleg fråvær frå jobb. 	

5g	Elevar i karantene	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ingen som er i karantene kan møte på skolen. 2. Eleven må dokumentere karantenen. 3. Eleven får tilbud om å jobbe heimanfrå, dersom han/ho er frisk nok. Dette etter avtale med kontaktlærer, og opplegg frå faglærer. 	Alle Elev K-lærer
5h	Forhold heime	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dersom ein i husstanden til ein elev eller tilsett har symptom, men ikkje påvist covid-19, skal eleven/tilsett møte på skolen som normalt. 2. Dersom ein i husstanden til ein elev eller tilsett har fått stadfesta covid-19, vil nærkontaktar bli sett i karantene av helsemyndigheitene. 	
6	Når ein blir sjuk på skolen		
		<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevar og tilsette som får symptom på skolen skal heim. 2. For elevar under 18 år skal ein varsle føresette. 3. Personar med symptom bør ikkje ta offentleg transport. 4. Skolen har eit eige «koronarom» per lokalitet, for elevar og tilsette som ventar på å bli henta. 5. Faglærer tar med eleven til koronarommet. 6. Faglærer melder frå til avdelingsleiar. 7. Avdelingsleder registrerer kven som har fått symptom, dato, stad, tid og klasse med tanke på eventuell smittesporing. 8. Kontaktlærer blir informert om at elev har fått symptom. 9. Den med symptom og dei rundt bør bruke munnbind dersom det ikkje er mogleg med to meters avstand. Munnbind ligg på koronarommet. 10. Toalett blir reingjort etter at det er brukt av person med symptom. Stian har ansvar for å melde frå til BB. 11. Elevar og tilsette som får stadfesta Covid-19 blir følgt opp av helseteneste. 12. Kommunehelsetenesta vil kartlegge og følge opp nærkontaktar til smitta personar. 13. Kommunehelsetenesta skal varsle skolen dersom eleven eller den tilsette får stadfesta covid-19, og vil vedta nødvendige tiltak. 	Alle K-lærer Cecilie VB Kjell LS Lærer Lærer Avd.leiar Avd.leiar Alle BB
7	Fråværsføring		
	https://www.udir.no/regelv-erkstolkninger/opplaring/midlertidig-regelverk-for-utdanningssektoren-covid-19/3.6-andre-midlertidige-forskriftsbestemmelser/#3.6.1-midlertidig-unntak-fra-fravarsreglene	<ol style="list-style-type: none"> 1. Skolane skal igjen føre fråvær på vitnemål og kompetansebevis. 2. Fråværsgrensa gjeld som normalt frå skolestart. 3. Elevar som er i risikograppa har krav på heimeundervisning. 4. Elevane må dokumentere fråværet med eigenmelding eller attest frå helsemyndigheitene for ikkje å få fråvær. For elevar under 18 gjeld eigenmelding frå føresette. 	Belinda Lærer Lærer

		5. Elev/føresette gir melding til kontaktlærer ved fråvær før skuledagen startar, og gir beskjed om eleven er frisk nok til å følgje undervisninga. Kontaktlærer varslar vidare faglærarar om eleven er frisk nok til å følgje undervisninga.	K-lærer
8	Opplæring og digital beredskap		
8a	Opplæring	<ol style="list-style-type: none"> 1. Opplæring i klasserom og verkstad må planleggast slik at elevar som følgjer opplæringa heimanfrå kan ha same progresjon som elevane på skolen, også med tanke på beredskap ved overgang til heil eller delvis digital skole. 2. Opplæring for elevar som er heime: Eleven loggar på Teams/It`s learning i starten av økta. Lærer og elev kan kommunisere via desse kanalane i løpet av timen. Læraren treng ikkje å vere tilgjengeleg på video. Arbeidsplan, oppgåver og anna relevant materiale for timen, ligg tilgjengeleg for eleven på Teams eller It`s learning. Eleven er sjølv ansvarleg for å følgje med. 	Lærer Faglærer
8b	Digital kompetanse	<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle tilsette får opplæring og blir operative på MS Teams og OneNote. 2. Alle elever får opplæring i Office 365. 3. Det ligg opplæringsmaterieil i Teams. 4. Kollegaer hjelper kvarandre. 	Ass.rektor Avd.leiar Ass.rektor
8c	Digital deling av opplegg	Lærer legg ut planar, presentasjonar, lenkjer og oppgåver m.m. i LMS. Planar ligg ute i forkant, medan opplegg seinast blir lagt ut same dag som læringsøkta.	Lærer
8d	Klargjering av Teams	Lærer og faggruppene har etablert og testa ut eit egne team i Teams.	Lærer